

Frå: Anne Lise Molvik
Send: onsdag 30. august 2023 12:18
Til: Karl Atle Taule
Emne: Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 58/77
Lygren indre

Til Ing. Taule As

Eg viser til samtale i dag vedkomande søknad om tiltak på eigedomen gbnr 58/77. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Slik vi snakka om treng vi tilbakemelding på følgjande:

1. Dersom det skal etablerast tiltak i sjø på djupne - 2 meter under sjøkartnull, krev tiltaket søknad om dispensasjon frå marin verneplan for Lindåsosane og Lurefjorden. Dette er vanskeleg å vurdere ut frå innsend dokumentasjon. Djupne i sjø bør førast på teikningane.
2. Teikningar av bryggje må sendast inn.
3. Tiltaket skal etablerast på eigedomen som er avsett til LNF-føremål, ikkje LNF-spreidd fritidsbustad slik det går fram av søknaden. Omsøkt tiltak krev dispensasjon frå LNF-føremålet, arealføremålet bruk og vern av sjø og vassdrag og pbl § 1-8. Søknaden bør oppdaterast i forhold til kva forhold tiltaket krev dispensasjon frå. Opplysningar om kvifor det er nødvendig med eiga brygge/naust i staden for dagens løysing, samt at brygge vert utforma slik at tiltaket er reversibelt bør med i søknaden.
4. Vi ser at søknaden er send inn før fristen for alle naboar til å koma med merknadar er ute. Vi ber om at det vert opplyst om det er andre nabomerknadar enn den vi har mottatt.

Søknaden vert tatt til behandling straks tilbakemelding ligg føre. Frist for tilbakemelding vert sett til 21. september.

Vennleg helsing

Anne Lise Molvik | Rådgjevar byggesak

Telefon: 56 37 56 40/45 37 58 45

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE